

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** fredag 15. februar 2019 11:19  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 7/2019, 15. FEBRUAR 2019.

### **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 7/2019, 15. FEBRUAR 2019.**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no). Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

---

### **STUDIEBAROMETERET 2018: FRAMGANG - MEN VI BØR BLI BETRE**

Resultatet frå den store, årlege studentundersøkinga viser at studentane ved Høgskulen i Volda er meir nøgde enn i fjor. – Det er gledeleg med oppgang og at tiltaka vi har sett i gang har gitt resultat, men vi ønskjer oss endå betre resultat. Les meir i rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr/2019/02/15/studiebarometeret-2018-betre-men-bra/>  
Les også omtale på våre nettsider: <https://www.hivolda.no/nyhende/studiebarometeret-oppgang-hogskulen-volda>

### **STUDIEBAROMETERET (2): HØG SCORE FOR JOURNALISTUTDANNINGANE I VOLDA**

Studentane på journalistutdanningane i Volda ligg høgst i landet på Studiebarometeret for 2018 når det gjeld samla vurdering av studiesituasjonen. Dette har blitt slått opp på nettstaden til fagbladet Journalisten: [https://journalisten.no/hilde-kristin-dahlstrom-hogskulen-i-volda-johann-roppen/journalistikkstudentene-i-volda-er-mest-fornoyde/350950?fbclid=IwAR3OPWFDGcAWOu4IhjgRkmM4bRV9kBhuuLITD79V8I60QtUILBF1o\\_x\\_lgA](https://journalisten.no/hilde-kristin-dahlstrom-hogskulen-i-volda-johann-roppen/journalistikkstudentene-i-volda-er-mest-fornoyde/350950?fbclid=IwAR3OPWFDGcAWOu4IhjgRkmM4bRV9kBhuuLITD79V8I60QtUILBF1o_x_lgA)

### **FORTIDAS FACEBOOK: ETTERLYSING AV "KLASSEBØKER"**

Mange tidlegare studentar ved Volda lærarhøgskule heldt kontakten med kvarandre i mange år etter dei var ferdige med utdanninga. Det gjorde dei blant anna ved å skrive "klassebøker" der dei skreiv ei side eller to om liv og lagnad, og så sende boka vidare til andre klassekameratar. – Vi oppmodar alle som har slike bøker å sende oss dei, seier emeritus Kjell-Arild Madssen.

<https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/fortidas-facebook-etterlysing-av-klasseboker>

### **SØKJARLISTE PÅ DEKANSTILLING - AVDELING FOR KULTURFAG**

Søknadsfristen på dekanstillinga på Avdeling for kulturfag vart forlenga til 10. februar. Då søknadsfristen hadde gått ut hadde det meldt seg 12 nye søkjarar samstundes som dei 5 som alt hadde søkt har oppretthalde sine søknader. To av søkjarane på stillinga har fått innvilga søknad om at namnet deira ikkje skal offentleggjerast. Dei to er ei kvinne og ein mann. Dei 15 andre søkjarane er: Abbas Malakouti Khah, Kish, Mashood Sheikh Ahmed, Tromsø, Jens Standal Groven, Volda, Claudine Gabriel, Cork, Stine Magnussen, Lørenskog, Britt Jorunn Hundsnes, Oslo, Jesper James Alvær, Oslo, Ståle Hakstad, Kristiansund, Helga Synnevåg Løvoll, Volda, Katharina Kockum, Røyken, Oddvar Aalde, Volda, Torhild Erika Lillemark Høydalsvik, Ørsta, Steinar Høydal, Volda, Unni Hagen, Halden, Anne Kathrine Wexels Wold, Molde.

Styret skal tilsette ny dekan både på kulturfag og dei to andre avdelingane på styremøtet 7. mars.

### **FRAMLEIS SAMARBEID OM SEANSE; LØYVING FRÅ FYLKESKOMMUNEN**

Kultur og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal har vedteke å halde fram med samarbeidet med Seanse ved å løyve midlar også for dei neste tre åra. Den årlege løyvinga frå fylket er på ca 1,2 mill. Den treårige løyvinga frå fylkeskommunen er eit viktig grunnlag for vidare støtte frå Kunnskapsdepartementet, Kulturdepartementet og Høgskulen i Volda. Dette spleiselaget gjer at ein kan halde fram med drift og vidare utvikling av SEANSE - senter for kunstproduksjon. Les meir på våre nettsider: <https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/seanse-feirar-milliontilskot>

### **SVENSK UNIVERSITET STUDERTE STUDENTPRAKSIS I VOLDA OG PÅ VARTDAL**

Ein delegasjon frå det svenske Linnè-universitetet (Växjö og Kalmar) har vore på besøk på Volda og Sunnmøre for å orientere seg om praksisordningane i norsk grunnskulelærarutdanning. Høgskulen i Volda har i over 20 år sendt ut sine grunnskulelærarstudentar for å ta over ein grunnskule i ei heil veke, og dei svenske lærarutdannarane fekk også besøke Vartdal skule der vordastudentar har teke over skuledrifta i ei veke.

<https://www.hivolda.no/laerarutdanninga/grunnskulelaerarutdanning-grunnskolelaerarutdanning>

#### **NAV OG HVO: FAGLEG SAMARBEID OG FORSKINGSGRUPPER**

Avdeling for samfunnsfag og historie har teikna ein samarbeidsavtale med NAV om sosialarbeidarutdanning og fagleg utvikling. Høgskulen har på si side oppretta ei forskingsgruppe som skal studere NAV-spørsmål, og det er i arbeid to doktorgradsstipendiatar som arbeider med NAV-relaterte spørsmål. Alf Roger Djupvik er leiar for forskingsgruppa.

Alle HVOs forskingsgrupper: <https://www.hivolda.no/forsking/forskningsgrupper-0>

#### **NY CAMPUSUTVIKLINGSPLAN**

Statsbygg vil om kort tid kome med skisse til nytt campusutviklingsprosjekt ved Høgskulen i Volda. Dette vart klart etter eit drøftingsmøte mellom høgskuleleiinga og Statsbygg 12. februar. I Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning vert det forventa at alle høgskular og universitet skal ha ein campusutviklingsplan, og for Volda sin del blir dette delvis ein revisjon og delvis ein ny plan då vår første plan låg føre i 2015. Den nye planen skal bli ferdig våren 2020.

Les meir om campusutvikling i Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-4-20182019/id2614131/sec8#KAP8>

#### **"SEI I FRÅ": NO PÅ FRAMSIDA AV [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)**

Etter eit møte i Læringsmiljøutvalet vart informasjon om kvar studentar kan gi beskjed om både praktiske, faglege og vanskelegare spørsmål etterlyst. Nettsida "Sei i frå" har vi hatt ei god stund, men no er lenke til "Sei i frå" å finne øverst oppe til høggre på framsida av [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

#### **DIGITALISERING: SØK OM REISEFORSKOT I SAP-PORTALEN**

Nok eit papirskjema blir no borte frå høgskulen. Tilsette som ønskjer å få utbetalt forskot på reiser kan no bruke den vanlege SAP-portalen for å søkje om reiseforskot. Menyvalet er "Opprett reisesøknad og -forskudd", og i skjemaet ein fyller ut har det kome inn ein ny knapp: "Behandle forskudd". Tidlegare måtte ein fylle ut eit papirskjema. Silje Rekkedal ved Personal- og dokumentforvaltning har sendt ut informasjon om dette til alle tilsette.

#### **NYTT OM TILSETTE:**

*Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning:*

Reidunn Johanne Tveregrov Øye har fått opprykk til høgskulelektor.

Irene Velsvik Bele har slutta som professor.

*Avdeling for samfunnsfag og historie:*

Ellen Synnøve Aarseth har fått opprykk til høgskulelektor.

*Avdeling for mediefag:*

Rose Korol har teke til i stilling som stipendiat.

---

#### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019**

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

21.-22.3.2019: Avdelingsseminar ASH

22.2.2019: NSD informerer forskingsutvalet og faglege leiarar om personvern i forskning.

7.3.2019: Styremøte nr 1/2019

3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest. <http://uhnettvest.no/>

10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning) <https://www.hivolda.no/its-volda>

23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF  
2.5.2019: Styremøte nr 2/2019  
24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbasis i 40-år, Yksnøya  
13.6.2019: Styremøte nr 3/2019  
17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>  
19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)  
20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)  
17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar  
20.8.2019: Semesterstart 2019-2020  
18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

## HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:  
[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

## REKTORBLOGGEN

9. februar 2019: [Studentrevyen 2019 – X3MT moro!](#)  
11. februar 2019: [Strukturkonferanse: Større, sterkare, betre?](#)  
15. februar 2019: [Studiebarometeret 2018: Betre, men bra?](#)

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>